

Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 OSLO

Vår ref.: (nyttast ved korrespondanse)  
201206312-2/712/EVATAUL

Dykkar ref.:  
201201420

Bergen, 31. august 2012

## Høyringsvar - Nasjonal produktspesifikasjon for arealplan, del 2.2 - Spesifikasjon for tegneregler, regionale planer

Vi viser til dykkar brev av 5. juli 2012 med høyringsframlegg om spesifikasjon for teikneregler for regionale planar.

I Hordaland arbeidar vi for tida med 3 planprogram for regionale planar der plankart kan vere aktuelt, så vi er opptatt av dette spørsmålet. Problemstillingane her er areal- og transportplanlegging, senterstruktur samt strand- og kystsoneplanlegging. Saman med Buskerud og Telemark har vi vedtatt felles regional plan for Hardangervidda med plankart. Gjennom planarbeidet har spørsmål om plankart og korleis det skulle sjå ut, vore ein gjennomgåande diskusjon. Vi meiner det er viktig med ein felles standard slik at dei regionale planane etter PBL2008 har plankart med sams teiknbruk.

### Generelle merknader

Spesifikasjonen er relativt kortfatta tekstmessig, samstundes som den set klåre grenser for bruk av kategoriar. Det er vanskeleg og til dels forvirrande å forstå bakgrunnen for dei vala som er gjort. Det er behov for meir fylldig dokumentasjon av systematikken i spesifikasjonen når det gjeld koder for arealsoner, grenser, punkt og linjer, til dømes om utvalet av grenser, liner og punkt uttømmende.

### Regionale arealsoner

Omgrepet regionale arealsoner verker logisk i høve til plansystematikken og det er gjort greie for bakgrunnen for dette. Det er også logisk at dei regionale arealsonene vert gruppert etter hovudkategoriane som kommune- og reguleringsplanlegging føl. Det styrkar samanheng og forståing i planlegginga.

Sonene skal visast med skråstilt stripemønster som er gjennomskinnbart. Etter vår erfaring er dette vanskeleg å få vellukka, særleg på papirkart og ved bruk av videokanon. Vi rår difor til at dei regionale arealsonene vert vist som skravur med smalare fargestripar og meir luft slik at bakgrunnskartet visast gjennom.

Når det gjeld underkategoriar er det i noen grad avvik i høve til dei kommunale kodene. Dette verker ikkje logisk. Det er trong for skildring av bruken av disse ulike kategoriane på regionalt nivå og korleis dei skal nyttast.

Teksten som skildrar grønstruktur er også forvirrande. Skal desse vernekategoriane visast som grønstruktur eller er LNFR og naturområde meir eigna? Sist i dokumentet under overskrifta Basiskart og bakgrunnskart står også **KpBåndlegging flate** med skravur for ulike verneområde. Korleis dette skal nyttast saman med felles fargekode og tekst i parentes er uklårt.

Figuren på side 4 er også forvirrande i høve til grønstruktur og teksten over.

### **Regionale grenser**

Skildringa av regionale grenser på side 5 er forståeleg, men vi har spørsmål til utvalet av grenser. Kva er ein langsiktig utviklingsgrense og korleis skal den nyttast i høve til punktsymbolet utviklingsretning? I høve til regionale planar for villrein fjella er det behov for å vise grense for villreinens leveområde. Er strandsone-grensa 100-metersbeltet eller kan den også vere ein funksjonell strandsoneavgrensing?

### **Regionale punkt**

Skildringa av regionale punkt bør nyanseras noko. Setninga *”For å vise lokalisering av funksjoner som har regional betydning, men der deres arealbruk ikkje er viktig, ...”* gjev ikkje tilfredsstillande forståing av bruken av regionale punkt.

Vi saknar punkt for senter i senterstruktur; som landsdelssenter, regionsenter og kommunesenter.

### **Infrastrukturlinjer**

Vi saknar linje for sti/viktig ikkje-motorisert ferdselsåre. Dette er aktuelt i dei regionale villreinplanane.

### **Teiknereglar**

Val av underføremål under hovudkategoriane er uklårt for oss og vi har fleire merknader til dette.

### Bebyggelse og anlegg

Kvifor er sentrumsfunksjonar valt og ikkje sentrumsføremål som på kommunenivå?

Vi saknar kjøpesenter som underkategori. Dette er eit behov i regional planlegging i høve til regionalisering av kjøpesenterforskrifta.

Det er uheldig at omgrepet mineralforvaltning og ikkje råstoffutvinning er nytta.

Underkategorien Andre typar bygg og anlegg er fjerna og Energianlegg er flytta til samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur. Det er forvirrande når kommunale og regionale planar visar slike tema med ulikt hovudføremål. Vi meiner at det er trong for kategorien andre typar bygg og anlegg også på regionalt nivå.

### Grønstruktur/LNFR

Val av kategoriar under desse hovudføremåla er uklårt. Korleis skal naturmangfald nyttast i høve til naturområde og kva for område er tenkt å visast som landskapsområde?

### Sjøareal

Sjøareala er berre differensiert i kystzone og havbruksnæring/akvakultur. I høve til annan arealbruk i sjøområda som også ligg inne i hovudføremålet som fiske, ferdsel, hamn, natur og friluftsliv, er det ikkje tilfredsstillande. Kart for regional kystzoneplan vert etter denne spesifikasjonen eit lite brukbart verktøy. Vi ynskjer fleire kategoriar for sjøareala.

### **Oppsummering**

Kartspesifikasjon for regionale planar er viktig og det hastar å få felles reglar. Høyringsforslaget verkjar likevel ikkje nok gjennomarbeidd for iverksetjing. Vi rår til at det vert arbeidd meir med framlegget og gjerne i prosess med fylkeskommunen som regionale planmyndigheit. Skildring/tydeleggjing av bruk av arealsoner, grenser og linjer må vere ein del av spesifikasjonen.

Marit Rødseth  
Seksjonsleiar

Eva Katrine R. Taule  
Seniorrådgjevar

